



Jærmuseet Vitengarden

MÅLFRID SNØRTELAND, HELENE Ø. LARSEN

Stiftinga Jærmuseet er eit konsolidert museum som driftar anlegg og avdelingar i dei sju jærkomunane. «Jærmuseet» er i dag namnet på organisasjonen og er ingen fysisk lokalitet. Sidan dei første konsolideringane i 2002, då m.a. musea i Sandnes blei slått saman med Jærmuseet, har ein hatt trøng for å skilja mellom namnet på fellesorganisasjonen og dei ulike avdelingane.

«Jærmuseet Kvia» blei i 2002 ei eiga avdeling på line med «Sandnes museum». «Jærmuseet» blei overbygningen som representerte organisasjonen utad, mot offentlege styresmakter, museumsstatistikk og andre som museet skal rapportera verksemda si til. I denne overbygningen ligg også fellesadministrasjonen som tar seg av budsjett, rekneskap, løn, IT og personal, og «regionale fellesstørnester» som står føre mykje av drifta på dei mindre museumsanlegga. Desse personane har og kontorstad på Kvia. I 2006 vedtok styret i Jærmuseet at avdelinga i Sandnes, med nybygget i Storgata som då var under oppføring, skulle ha namnet «Vitenfabrikken».

Det var då naturleg at avdelinga på Kvia fekk namnet Vitengarden – for å understreka samanhengen og komplementariteten mellom dei to avdelingane i museet som tilsaman utgjorde det regionale vitensenteret for Sørvest-Norge.

VITENGARDEN

«Vitengarden» er namnet på den avdelinga i museet som forvaltar og driftar museumsbygningane med utstillingar på Kvia, Kvia 4H- og museumsgard og Audamotlandstunet.

Sidan 2002 har «Vitengarden» vore ei eiga avdeling i Jærmuseet, med eigen avdelingsleiar. I 2006 overtok Helene Østby Larsen stillinga som avdelingsleiar for Vitengarden. Men Kvia er og hovudsete for Stiftinga Jærmuseet og for museet sin fellesadministrasjon og regionale fellestenerester, slik det blei bestemt av jærkommunane i 1986.

Hovudargumentet for lokaliseringa den gongen var at dei mange fornminna og andre kulturminna i området på Kvia/Audamotland ville tilføra det nye Jærmuseet mange spennande utviklingsmulegheiter, og plassera det i ein unik historisk samanheng.

Etter ein lang prosess med oreigning og skjønnforhandlingar fekk Jærmuseet skøyte på det gamle tunet på garden Kvia, (gnr. 19/6), den såkalla «Bondevennsgarden» og 56 da innmark våren 1991.

Vitengarden, saman med den gamle halmluta på Refsnes, som i dag blir nytta til museumslager, er dei einaste eigedommane Stiftinga Jærmuseet sjølv eig. Dei andre anlegga museet har driftsansvaret for er i kommunane si eige.

Museumsbygningane på Kvia er reiste som eit felles prosjekt mellom jærkommunane med støtte frå staten, Rogaland fylkeskommune og noko private midlar, m.a. landbruksorganisasjonane i Rogaland. Hå kommune har i tillegg løyst inn grunn og lagt til rette byggeklar tomt.



Helene Østby Larsen tok over som avdelingsleiar for Vitengarden i 2006. Ho er oppvaksen i nabølaget til Vitengarden og begynte som vert og avløysar på museet allereie som 15-åring. Seinare utdanna ho seg til adjunkt og har m.a. arbeidd i skulen og som prosjektleiar i Dalane Friluftsråd.
Foto: Jærbladet.

Bakgrunnen for dette fellesprosjektet var i hovudsak to formål:

- Jærmuseet skulle dokumentera den felles, nyare landbrukshistoria på Jæren.
- Jærmuseet skulle vera eit fagleg og administrativt «hjelpeorgan» for lokalmusea i regionen.

Denne historia kan du lesa i artikkelen til Lars Gaute Jøssang.

Museumsbygningane

Museumsbygningane og museumstomta på Kvia representerer skjeringspunktet mellom tradisjon og nyskapning. Bygningane ligg i eit gammalt kulturlandskap som ennå ber preg av det gamle jordbrukslandskapet på Jæren – med geilen, markagarden og steingardar kring

Frå utstillingshallen og utstillinga «...men mat må me ha» kor du kan bli kjent med jærsk matproduksjon og prøva mange spennande eksperiment om husdyr og planteproduksjon, mat, ernærings, energi m.m. →

Foto: Jærmuseet.

Vitengarden ligg i tilknyting til Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde. Her kan du ennå oppleve det gamle jærlandskapet. Heilt i sør ligg i dag industriområde Kviamarka. Foto: Jærmuseet 1987.



Frå utstillinga «Teknologi og landskap». Her spør me «Kven har skaps alle åkrane?», og kva teknologi har jærbuen nytta for å omskapa jærlandskapet frå brune lyngheiar, myrar og steinete kulturbeite, til det grøne moderne Jæren. Gravemaskina Brøyt X var sentral i oppdyrkinga av etterkrigs-Jæren. Foto: Jærmuseet. →



dei dyrka hagane. Mot vest vender anlegget seg til eitt av dei mest interessante fornminneområda i landet kor du kan fylgja spor etter menneske og jordbruksaktivitet gjennom tusenår. Her ligg ennå att ein «lomme» av det gamle Jæren med urydda beitemark, lyngmark og myr, i dag verna under namnet Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde og kjøpt inn for statlege pengar. Mot aust har du utsyn til eit nytt fellesfjos på Hattaland og ei intensiv jordbruksdrift som er typisk for det moderne jærjordbruket.

Frå museumsanlegget, og sør for Hanabergmarka, skimtar du og dei nye bygningane på Kvial industriområde. Her har Hå kommune lagt til rette for eitt av dei mest ekspansive matindustrielle miljø i landet med m.a. det nye «Miljøgartneriet» med 70 da veksthusareal, det



I fyrste byggesteg blei det lite utstillingsplass, og eit ope studiemagasin kor museet kunne visa fram ein del av dei restaurerte veterantraktorane og andre jordbruksmaskinar blei prioritert. Styreleiar Jone Vadla heiar på traktorførar og kulturminister Åse Kleveland under opninga i 1995.

Foto: Pål Christensen, Stavanger Aftenblad

nye stormeieret til Tine som vil bli landets største meieri og fleire slakteribedrifter.

Inne i utstillingsbygget møter du moderne vitensenterutstillingar. Under slagordet «*Vitensenteret midt i matfæret*» skal avdelinga formidla dei «grøne» naturvitenskapane gjennom eksperiment og interaktive utstillingar sett inn i lokale og kulturhistoriske rammeforteljingar.

Museumsbygget på Kvial sameinar jærsk identitet og byggetradisjon med eit moderne formuttrykk. Utfordringa for arkitektane var å skapa eit praktisk museumsbygg som skulle tilpassa seg eit sårbart og særprega kulturlandskap. Sjølv om dette er ein stor bygning, stikk den seg ikkje fram, men følgjer linjene i landskapet og opplevest som ein del av jærlandskapet omkring.

Vegen som førde fram til museumsbygg på Kvial



I juni 2002 kunne me endeleg invitera kulturminister Valgerd Svarstad Haugland til å opna utstillingsbygget og fyrste del av vitensenteret på Jæren. F.v: Målfrid Snørteland, stortingsrepresentant Bjørg Tørresdal, kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, Hå-ordførar Gunnar Siqveland og styreleiar Martha J. Ulvund. Foto: Jærmuseet.



Kviagarden har alltid vore sentral i museet sitt formidlingsarbeid. Bygningane blei restaurerte med m.a. tilskot frå Norsk Kulturråd, Landbrukets utbyggingsfond, Norske 4H, landbruksorganisasjonane i Rogaland og Rogaland fylkeskommune. Foto: Ingeborg Skrudland.

skulle bli lang og kronglete. Den endelege utforminga var resultat av eit fellesprosjektet frå arkitekfirmaet Helliesen, Wåge og Hallgren og professor Einar Myklebust. Dei danna «Arkitekgruppen for Jærmuseet» og blei formelt tildelt oppdraget i september 1990. (Meir om arkitektkonkurransen og byggeprosjektet kan du lesa i artikkelen «Vegen fram til museumsbygg», av Einar Myklebust i «Sjå Jæren» 1995.)

Museumsbygningane på Kvia er reiste i fleire byggesteg. Anlegget består av fleire bygningskroppar med eit samla areal på om lag 3800 m².

Hovudbygget, auditoriet og verkstaden var ferdigstilte i 1994, og opna av dåverande kulturminister Åse Kleveland 29. mars 1995. Hovudbygget inneheldt då resepsjon, kafe, kontorareal, arkiv og mindre magasinrom, ope studiemagasin med landbruksmaskinar og eit lite areal for mindre, skiftande utstillingar. Utstillingshallen var planlagt, men på grunn av manglande finansiering blei den ikkje realisert før i 2002. I 1998 fekk museet ferdig eit nytt reiskapshus for maskinar og reiskapar som blir nytta i drifta på museumsgarden.



Jærmuseet etablerte tidleg eit samarbeid med Rogaland 4H og 4H-klubbane i Hå. «Læra ved å gjera» blei eit motto for museet si formidling. Gjennom aktiv deltaking i gardsarbeidet skulle både elevar og publikum elles læra om og oppleva arbeidet og livet på ein jærgard i vår nære fortid. *Foto: Steinar Pettersen, Jærmuseet.*

KVIA 4H- OG MUSEUMSGARD

Tunet og bygningane på museumsgarden er opphavleg frå 1878. Då Jærmuseet fekk hand om tunet var bygningane i dårlig stand. Driftsbygningen var heilt nedrasa og er bygd opp att på grunnlag av gamle teikningar. Heimehus og fjos er restaurert, men er ikkje ført tilbake til 1800-talet. Under restaureringa valde ein å behalda ein del av dei endringane som var gjort, m.a. utskifting av vindauge, slik at bygningsmiljøet i dag representerer eit gardsmiljø frå tidleg etterkrigstid.

«Læra ved å gjera»

Alt i 1986 ba Jærmuseet Hå kommune sørga for at museet fekk med jordbruksareal til demonstrasjonsformål i tillegg til tomt for nybygg.

Eit moderne landbruksmuseum lokalisert til eit av dei mest intensive og aktive jordbruksområda i landet, burde ha høve til å visa arbeidsmåtar og reiskapsbruk i praksis, og elles gi barn og unge høve til å bli kjende med husdyr og husdyrstell. Og ikkje minst – gi publikum høve til sjølve å delta i ulike arbeidsoppgåver og arbeidsprosesser. Målet vårt var ikkje berre å ta vare på reiskapar og maskinar og andre gjenstandar, men også ta vare på og vidareføra kunnskapen om bruken av reiskapane.

Jærmuseet innleia raskt eit samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonen 4H og lokale 4H klubbar for å realisera ein «levande» museums- og 4H gard. Kviagarden blei godkjent som offisiell 4H-gard, og 4H-slagordet «læra ved å gjera» blei snart ei rettesnor for museet si formidling.

Allereie i 1990 gjekk dei fem 4H klubbane i kommunen



Jærmuseet har store samlingar som dokumenterer den tekniske utviklinga i norsk jordbruk. Men museet samlar ikkje berre på gjenstandar. Vel så viktig er det å visa koss maskinar og reiskapar blir brukte, og koss arbeid og teknologi endrar seg over tid. Foto: Jærmuseet.

saman om å få til eit dyrkingsfelt på Vestre Vodlen, og året etter gjekk 4H og Jærmuseet saman om å invitera publikum til opne aktivitetsdagar på Kvia.

I 1989 hadde Jærmuseet fått hand om ei lita besetting av vestlandsk raukolle. Den første tida var dyra i

pensjon hos dåverande styreformann Nils Njå og gardbruksar Arne Fotland i Time. Sidan 1992 har det vore heilårssdrift på garden.

Før dei nye vitensenterutstillingane opna i 2005 var museumsgarden og kulturlandskapet den viktigaste formidlingsarenaen, ikkje minst mot skulane. Då Jærmuseet hausten 1996 tilsette Knut G. Austad som museumslektor og undervisingsleiar blei ikkje minst undervisinga og samarbeidet med skulane intensivert og profesjonalisert. Sameining av naturfag og kulturhistorie, deltaking, aktivitet og utforsking blei grunnleggande prinsipp for det pedagogiske arbeidet. Erfaringane med formidlinga på museumsgarden blei avgjerande for at Jærmuseet i slutten av 1990-talet begynte å planlegga det første vitensenteret på Jæren.

Kviahuset viser typiske interiør frå Jæren på 1950-talet. Om sommaren kan publikum også møta bondekona på garden, slik som her i Olga Engelsvoll sin skikkelse. Ramma er god for å fortelja om livet på garden.
Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.



Museumsgarden i dag

På museumsgarden i dag kan du bli kjent med dei vanlegaste husdyra våre. Museet har engasjert seg i arbeidet med å bevare gamle husdyrrasar, og kyrne er av rasen vestlandsk raukolle, den kurassen som var vanlegast her i Rogaland fram til NRF-kyrne overtok fjøsa på 1960-talet. Du møter også den «gamle» svarte grisene og grisungar, jærhøns, hestar, sauvar og bier.

Om sommaren er bondekona på plass og lagar tradisjonsmat på kjøkkenet, eller i kjellaren. På aktivitetsdagane demonstrerer me arbeidsmåtar, reiskapar og maskinar nyttar i jordbruket i eldre tid. Om sundagen kan du treffa pensjonistar i stova som fortel om livet på ein jærgarden for femti år sidan, medan ungdommar frå 4H steller dyra i fjoset.

Publikum og skuleelevar kan vera med å baka flatbrød og lefser. I brunnhuset vert det separert mjølk og kinna smør.

PRESENTASJON AV BYGNINGANE

Heimehuset

er bygd i 1878. I februar dette året opna jærbanan, og ulikt byggetradisjonen i området vender stoveglasa i Kviahuset mot aust, slik at familien kunne fylgja med det nye, tekniske vedunderet som nå pesa seg fram over Jæren og bar bod om nye tider.

Huset er innreia slik det var hos folk flest på Jæren i tidleg etterkrigstid med daglegstove og «bestastove», kammers med vev og soverom på loftet. Mange vil kjenna igjen møblar frå lokale fabrikkar, pyntegjenstandar og bilder frå «besteforeldreheimar» – eller kanskje lukta?



1



2



3



4



4

1 Jærhøns er ein gammal fjørferase som museet prøver å bidra til å halda oppe. I vitensenterutstillingane kan publikum fylgja med på klekkinga av egg med moderne teknologi. Når kyllingane har vore i «barselavdelinga» nokre dagar, blir dei tekne ned på garden.

2 Det er stadig færre barn som har ein bestefar eller onkel med husdyr og bondegard. På Vitengarden kan publikum bli kjent med dei vanlegaste husdyra våre, kva mat får me frå husdyra og kva stell skal dei ha. M.a. har museet ei lita besetning av vestlandsk raukolle, den vanlegaste kurasen i rogaland fram til NRF-kyrne overtok fjosa frå 1960-talet.

3 Driftsbygningen var heilt samanrasa og måtte byggast opp frå grunnen av. Rydding av tomta vart i hovudsak gjort med sysselsetjingspersonale. Byggmeister Trond Nærland fekk oppdraget med gjenoppbygginga, og bygningen vart bygd opp att på same måte som den opphavlege. Her blir ei av grindane reist på tradisjonell måte ved handemakt og hjelp av gode naboar. Lars Ødemotland midt på bildet.

4 I eldre tid hadde dei fleste gardsbruk ein gris eller to til eige hushald. Den gamle grisen kunne vera svart eller svartflekkete, og var rundare og feitare enn den slanke «kotteletgrisen» som er avla fram i moderne tid. På Vitengarden kan du møta nokre etterkommarar etter denne «gammaldagse» grisen.

All foto: Jærmuseet.

Driftsbygningen (løa)

har fjos med plass for kyrne og to hestar. I tilknyting til fjoset ligg eit mjølkerom med mjølkemaskin og separator der borna m.a. kan vera med å separera mjølk.

Oppå låven finn du enkle landbruksmaskinar brukt på garden i eldre tid. Her er det og arrangement med julegraut og (fjøs)nisse før jul for dei minste. Barn i alle aldrar kan boltra seg i høyet i høyrommet.

Tvers av løedørene i vest står fundamentet etter den gamle vindmaskinen som dreiv trøskjemaskinar og hakkmaskinar før dei meir stabile landbruksmotorane overtok denne jobben dei fyste ti-åra av 1900-talet.

I vinkel mot løa er det reiskaphus kor ein m.a. kan visa trøskjing av korn med trøskjeverk og maling av korn med elektrisk kvern. Opphavleg var dette rommet bygt som torvhus, men blei utvida på 1900-talet for å gi betre plass til gardsreiskapar og maskinar.

Driftsbygningen var nedrasa då Jærmuseet fekk hand om tunet. Det viste seg at det fanst originale teikningar over bygget, noko som ikkje var veldig vanleg for driftsbygningar på den tida. Bygningen er sett opp att i samsvar med desse teikningane.

«Grisehuset»

Driftsbygningen, eller fjoset, frå 1878 viste seg snart for lite, og i 1887 blei det sett opp eit frittståande fjos. Under restaureringa av tunet valde Jærmuseet å behalda fjoset på den opphavlege staden frå 1878, og brukar i dag den «nye» fjosbygningen til kombinert grise- og hønsehus.

Me har og teikningar av anlegget som viser at brukarane hadde planar om å utvida bygningen mot nord.

Den planen har museet tatt opp att dei siste åra, og ein eigen stall er nå under planlegging på denne staden. Samtidig ynskjer museet å kombinera denne utbygginga med eit demonstrasjonsanlegg for biogass.

– Og ikkje å forgloyma: museet har og tatt vare på den gamle utedoen!

FORNMINNA OG KULTURLANDSKAPET

Vitengarden og museumsområdet på Kvía/Audamotland har mange mulegheiter og eit stort potensiale for å utvikla nye formidlingskonsept, ikkje berre nye utstillingar og undervisingsopplegg innomhus, men og unike formidlingsopplegg utandørs, knytt til museumsgar-

I utkanten av Hanabergmarka ligg den siste rest av kystlynghei på Låg-Jæren. Saman med m.a. Bioforsk har Jærmuseet eit prosjekt kor ein studerer endringar i kulturlandskapet over tid, og nyttar gamle skjøtselsmåtar for å halda landskapet ved like, og kanskje få utvida lyngområdet. Her samarbeider pensjonistar og elevar frå Nærø ungdomsskule om å brenna lyng. Foto: Jærmuseet.



dane, formminna og kulturlandskapet. Heile området her kan nyttast som både alternativ «historiebok» og «naturfagsbok», og museet arbeider stadig med å utvikla kulturlandskapet som formidlingsarena.

I det 670 da store Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde kan du finna mange typar fornminne frå ulike tidsaldrar – bronsealderhaugar på toppen av Hanaberget, andre gravhaugar frå ulike tidsperiodar, tufter etter folkevandringsgardar, spor etter mellomaldergard, gardfar, stakktufter, rydningsrøyser og andre dyrkingsspor. Det ringforma tunanlegget Klauhaugane, med om lag 17 hustufter, er ennå ikkje ferdig utforska. Arkeologane har funne spor etter busetnad her gjennom mange hundre år, men var det ein «landsby» av jordbruksfolk, var det borganlegg for soldatar eller var det bygningar knytte til tingstaden Kvia, den dag i dag markert med den såkalla tingsteinen på sørsida av Kviatunet? Kulturlandskapet med myr og tjørn, lysthei og gammal beitemark er spennande undervisningsrom for biologi og botanikk, og for større elevar står både GIS og GPS på læreplanen.

«VITENSETERET MIDT I MATEFATET»

Allereie i 1998 sende Jærmuseet eit brev til Stortingskommisjonen for kultur og omverdipolitikk om midlar til å realisera «eit utvida Science Centre» på Jærmuseet på Nærhbø. Når me brukte omgrepene «utvida» S.C. innebar det at me allereie den gongen såg for oss å utvikla eit nytt formidlingskonsept som skulle romma noko meir enn tradisjonelle vitensenterutstillingar slik ein for eksempel kunne oppleva det i dåverande Teknoteket på Teknisk



Ved hjelp av silotalja heiser du føret til kua opp or siloen og over på transportbandet. Foto: Ingeborg Skrudland, Jærmuseet.



1 I vitensenterutstillingane skal både barn og vaksne læra om teknologi og naturvitenskap på nye og engasjerande måtar.

Dei ulike eksperimenta blir samtidig knytt til kulturhistoriske rammeforteljingar om Jæren i fortid og samtid. Kva er hydraulikk og kva i all verda er «trykk pr. kvadratcentimeter?» Foto: Steinar Pettersen, Jærmuseet.

2 Når jærbuen braut opp Stein med brot og handemakt, nyttar han seg av prinsippet «kraft x arm». Foto: Steinar Pettersen, Jærmuseet.

3 Bygg eit jærhus og lær meir om byggeskikk og matematikk. Foto: Steinar Pettersen, Jærmuseet.

4 I «Fabrikken» kan du produsera ditt eige plogskjer. Foto: Jærmuseet.

museum i Oslo. Me ville ikkje berre fokusera på naturvitenskaplege eksperiment lausrivne frå «tid og rom», men ta vare på det beste i museumstradisjonen ved å sjå naturvitenskap og teknologi i samanheng med kulturhistoriske rammeforteljingar frå Jæren.

I Stortingsmeldinga «*Kjelder til kunnskap og oppleving ...*» som blei lagt fram i desember 1999 (senare kjent som «konsolideringsmeldinga») føreslo Regjeringa at Jærmuseet skulle bli eit pilotprosjekt for vitensentra i Norge, og få 11 mill. kroner til nye vitensenterutstillingar. Dette blei vedtatt av Stortinget i 2000.

Fyrste del av det nye vitensenteret blei opna av kulturminister Valgerd Svarstad Haugland i juni 2002. Då var utstillinga «Teknologi og landskap» bygd opp i det opne utstillingsrommet i hovudbygget. I 2005 hadde ein ferdig stilt utstillingane «... men mat må me ha» og «... og hus må me ha» i den nye utstillingshallen.

Då Stortingets kulturkomite besøkte anlegget i februar 2005 var stortingspolitikarane svært nødde med resultatet av dei statlege løvyingane: «Ja, jeg har aldri sett noe lignende. Det er imponerende hva det har fått til» uttalte komiteleiar Sonja Sjøli til Jærbladet.

PLANAR FRAMOVER

Nye utstillingsprosjekt

Vitengarden har i dag eit særskilt ansvar for dei «grøne» naturvitenskapane, og formidlar kunnskap og oppleveligar knytt til kulturlandskap, geologi, biologi, reiskapsutvikling, jordbruk og matproduksjon gjennom ulike tidsperiodar, men med hovudvekt på det moderne Jæren. Vitengarden ber såleis vidare dei opphavlege intensjonane bak opp-




Vitengarden driv eigen honningproduksjon og elevane får vera med å henta ut honning frå bikubene. Inne i utstillingane kan du m.a. læra meir om livet til biene, og om bier og matematikk.
Foto: Catinka Fredriksen, Jærmuseet.



Tidlegare fylkeslandbruksjef Einar K. Time (t.v.) har i mange år vore ein viktig støttespelar for Jærmuseet, både på aktivitetsdagar og med artiklar i årboka. Han har og æra for at jærerta har blitt bevart, dei siste åra i samarbeid med førstekonservator Sverre Bakkevig på Arkeologisk museum.

Den fyrste innhaustinga av jærert hausten 2009. F.v. tidl. fylkeslandbruksjef Einar K. Time, ringleiar i Jæren Forsøksring Arne Vagle, førstekonservator Sverre Bakkevig, direktør Målfrid Snørteland og prosjektleiar Tone Woie Kverneland. *Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.*



1 Vindkraft er ikkje noko nytt på Jæren. «Vindmaskinar» blei vanlege på gardane utover Jæren frå midten av 1800-talet og framover, og var knytt til mekaniseringa i jordbruket. Dei blei m.a. brukte til å driva trøskjemaskinar, hakkmaskinar og neperasparar og var somme stader i bruk like opp til mellomkrigstida. Vest av løa på Kvia, ved inngangen til geilen, står ennå fundamentet etter vindmaskinen på garden. På Vitengarden i Randaberg kan du framleis oppleva ein intakt vindmaskin. Foto: Jærmuseet

2 Vitengarden har og ei moderne lita vindmølle som produserer straum til ein installasjon inne i utstillinga. Og vindkraft og fornybar energi er eit tema Vitengarden arbeider for å utvikla vidare. Foto: Jærmuseet

3 Gjødsela frå kua på båsen i Kvialfjøsen blir nytta til utprøving av biogassanlegget. Foto: Jærmuseet

4 Vitengarden arbeider og med planar om eit biogassanlegg kor ein kan demonstrera for publikum koss eit biogassanlegg fungerer.

Faksimile frå Stavanger Aftenblad, 11.6.2010.

BIOGASS
BIOGASS: Biogass er gass som dannes når organisk mat er nedbrytta av mikroorganismar. Organisk mat kan bestå av alt fra dyrkingsstoff til avfallsmateriale.

INNFA: Innfa er teknologi som hjelper med å redusere utslipp av klimagassar. Denne teknologien hjelper med å redusere utslipp av klimagassar, både i landbruket og i industrien.

Innfa innfører teknologi som hjelper med å redusere utslipp av klimagassar. Denne teknologien hjelper med å redusere utslipp av klimagassar, både i landbruket og i industrien.

rettinga av Jærmuseet – å dokumentera utviklingslinene i norsk jordbruk. Men avdelinga utviklar og utvidar desse målsetjingane tilpassa nye utfordringar, i ei ny tid, der museet si samfunnsrolle er sett på dagsorden i langt sterkare grad enn for 25 år sidan.

– «*Vitensenteret midt i matfaget*», solid forankra i ein av landets viktigaste jordbrukskommunar og med nært naboskap til den nye matindustrielle miljøet i Kviamarka, er naturleg nok opptatt av å vidareutvikla denne profilen. Prosjektet «*Formidling av mat, måltid og matproduksjon*» har som mål å gjera Vitengarden til ein møteplass for eit breitt matmiljø og eit allment publikum. Ein ynskjer å synleggjera Matfylket Rogaland slik det er i dag, dei historiske føresetnadene som ligg til grunn for det og dra linjene framover i tid. Ein vil visa koss forholdet mellom matprodusentar, matindustri og forbrukarar har utvikla seg over tid, og ikkje minst framstilla og problematisera mat, måltid og matproduksjon på ein måte som kan skapa debatt og engasjera publikum.

Eit anna prosjekt Vitengarden har engasjert seg i er planane om eit *Landskapslaboratorium* på Jæren. I landskapslaboratoria studerar ein korleis landskapselement påverkar kvarandre, ideen kjem frå Sveriges Landbruksuniversitet (SLU) i Alnarp og det er etter kvart etablert slike laboratorium fleire stader i Norden. Landskapslaboratoria er forankra i lokale problemstillingar. Me vil ta for oss kulturlandskapet, synleggjera korleis jærbuen endrar landskapet og visa følgjene av ulike inngrep. Det kan vere val av leplantingar, skogplanting og skjøtsel av skog, eller endringar som kjem

av gjødsling eller tilfeldig gjengroing. Dessutan skal landskapslaboratoriet vere eit utgangspunkt for å formidla til dømes CO₂-fangst og lagring i skog eller biologisk mangfald. I prosjektet har vi med oss Bioforsk Vest, Landbruksavdelinga og Miljøvernnavdelinga i fylket, Hå kommune, SLU og Øksnevad vgs.

– «*Grøn energi*» eller utvikling av nye energikjelder er og i tråd med profilen til Vitengarden.

Ein har ikkje vore lenge i denne regionen før ein er kjent med at «dæ blæse på Jæren». Jærbuen tok i bruk vindkrafta allereie frå midten av 1800-talet, m.a. for å driva dei nye trøskjemaskinane og hakkmaskinane som då kom i bruk i landbruket. I dag er utnytting av vindkrafta på ny aktuell i denne regionen, og Jærmuseet har lansert Vitengarden som ein aktuell *nasjonal visingsplass for vindkraft*. Ein har allereie starta opp. Ei lita moderne vindmølle har vore på plass på Vitengarden sidan tidleg på 2000-talet, og vindkrafta er også eit tema i utstillinga. Museet har dessutan hatt eit samarbeid med NVE og fått støtte til fleire prosjekt som skal dokumentera og formidla bruk av vindkraft i Norge.

– Men det er ikkje berre vinden som kan omgjerast til ny og fornybar energi. Husdyrgjødsla var i eldre tid ein viktig ressurs og føresetnad for åkerbruket, men med det intensive husdyrhaldet i nyare tid har det blitt så altfor mykje gjødsel – og etter kvart er ho meir til plage enn gagn. Men det gamle «bondens gull» kan få ny verdi som energi og biogass, og under arbeidstittelen «*Steik pylsa på hevd*» arbeider Vitengarden med planar om eit lite mini biogassanlegg som kan formidla kunnskap om biogassproduksjon til publikum og få fram potensialet

for biogassproduksjon i Rogaland. Ein eigenprodusert biogasstank er under utprøving, og ved å bruka kumøkk har museet nå fått til ein prøveproduksjon av metangass – og målingar syner 76 % rein metangass.

HANLINGSBOREN JORDBRUKSKUNNSKAP

Jærmuseet var lenge eit «utandørsmuseum» der storparten av formidlinga vår var bygd på aktivitetar og undervising knytt til garden, husdyra og gardsarbeidet. Som tidlegare nemnt er museet opptatt av vedlikehald og vidareføring av arbeidsmåtar knytt til jordbruket, såkalla «handlingsboren kunnskap», og Vitengarden burde vera rette staden for å bli eit senter for vern og vidareføring av slik kunnskap.

Museet har og ei fabrikksmie i tilknyting til den mekaniske verkstaden, og nødvendig utstyr for å demonstrera og føra vidare den tidleg industrielle ljåproduksjonen.

«NORGESGARDEN»

Museumsreforma har m.a. som mål å styrka forsking og kunnskapsutvikling i dei konsoliderte musea, og legg opp til at musea skal samarbeida gjennom ulike faglege nettverk. Jærmuseet Vitengarden har lenge vore aktiv i «Kulturlandskapsnettverket» og deltar her i eit forskings- og dokumentasjonsprosjekt kalla «Norgesgarden». Her samarbeider fleire museum om å systematisera den kunnskapen dei sit med når det gjeld ulike gardstypar og bruk av naturressursar, i ulike landsdelar. Kvart museum har vald ut eit konkret gardsbruk som «case», og Jærmuseet har valt museumsgarden Audamotland som eksempel på ein jærgard.



Smietradisjonane på Jæren danna grunnlaget for landbruksreiskapsindustrien, og Jæren vart kjend som «den store plogsmia». I smia i verkstaden på Vitengarden kan elevar få smi sin eigen spikar. Teknikar Endre Ueland hjelper her til med undervisinga, saman med museumslektor Knut Austad t.h.

Foto: Jærmuseet.



①



②

1 Kor kjem pølsene og fårikålen frå? På den årlege slaktedagen på Vitengarden får publikum fylgja prosessen med slakting av lam, koss du får steik og kotelettar, innmatpølsa, rullepølsa og smalaføter. Og av ulla får me varme sokkar og vottar. Vitengarden sin gode medhjelpar Jon Obrestad står føre slaktinga, medan formidlar Bjørg Sandve forklarar prosessen for publikum. «Sauen frå A til Å» er eit årleg arrangement i samarbeid med «Vennelaget for Jærmuseet Vitengarden». Foto: Jærmuseet.

2 Sommaren 2010 var det Eksperimentveke med tema mat på Vitengarden. Ungane fekk læra av fotograf Ingeborg Skrudland og kokk Heine Grov. Dei laga mat og fotograferte til si eiga matbok. Her er Andreas Fuglestad fotograf og kameraten Oskar Reve kokk.

«Ongane i Hå, kæ lure dei på?» er eit nytt prosjekt i samarbeid med Hå kommune. Hå kommune har engasjert førskulelærar Tormod Aas til å laga realfagsopplegg for barnehagane i Hå, og slik stimulera interessa for naturfag og teknologi i tidege barneår. Målet er at det skal byggast ein eigen «realfagsbarnehage» i tilknyting til Vitengarden, på «Vodlen». Foto: Jærmuseet.



Tunet på Audamotland sett mot vest, slik dei fleste som besøker Vitengarden opplever det. Her ligg eit halmhus til høgre og løa med fjøs midt på bildet. Heimehuset er mest skjult bak reiskapshuset og løa. Foto: Knut G. Austad, Jærmuseet.



AUDAMOTLAND

MÅLFRID SNØRTELAND, HANS DYBVAD OLESEN,
KNUT G. AUSTAD

Audamotland, gnr. 18, bruk nr. 1 i Hå kommune, er nabogarden til Kvia (gnr. 19/6), og blei innløyst til kulturminne- og friluftsformål i 1991. Om lag 50 da av innmarka vart seld til naboen Lars Ødemotland, medan utmarka og resten av innmarka, ca. 30 da, vart del av «Hanabergmarka kulturminne- og friluftsområde» saman med utmarka på Kviagarden. Dette området er på 670 da og er i statleg eige.

Jærmuseet fekk overført det gamle Audamotlands-tunet med 6 da i 1994. Nabobruket (18/2) er i privat eige.

Slik namnet tyder på låg garden øyde etter svartedauden i 1349. Kva det opphavlege namnet var veit me ikkje sikkert. Historikaren Birger Lindanger, som har skrive hovdfagsoppgåve om «Agrarkrisa i Nærbo i seinmellomalderen», meiner namnet frå gammalt har vore «Øksna-Motland» (1). Tobias Skretting fabulerer omkring namnet Hana som namn på garden ved tjørna og førestiller seg at namnet på høgdedraget bak garden, «Hanaberget» må ha ei tilknyting til det opphavlege gardsnamnet (2).

Audamotland blei truleg rydda igjen på slutten av 1500-talet.

I matrikkelen frå 1723 er det også oppgitt to husmannsplassar på Audamotland: Høneland og «Wed Tiørnen».

I 1849 fekk Ole Pedersen (1792–1875) «kongeskøyte» på garden. Men han tok truleg over garden allereie i 1836 då faren, Peder Olson, døydde. Då var garden

bygsla av soknepresten i Hå. Ole Pedersen var også kjent som ein dugande smed, og skulle vera den fyrste på Jæren som laga jernbeslechte kjerrer og hjul med akslingar av jern. 1873 skifta han garden mellom dei tre sønene sine Peder, Gabriel og Søren. Peder fekk den gamle husmannsplassen Høneland; Gabriel overtok bruk nr. 1, medan Søren Mikal, som gifta seg i 1859, allereie hadde drive bruk nr. 2 ein del år. Husmannsplassen «Wed Tiørnen» var då lagt ned, men det er framleis råd å finna att tuftene etter bygningane.

Både Gabriel og Søren Mikal var, tilliks med faren, smedar i tillegg til bønder. Peder var messingstøypar. Gabriel vart verande ugift og overlet bruket til brorsonen Lars Ødemotland i 1908. Sonen hans, Gabriel Larsson (f. 1903) overtok bruket i 1934, men flytta til Austlandet i slutten av 1940-åra. Ein yngre bror av Gabriel, Lars Larsson Ødemotland, overtok bruk nr. 5 og 7 på Audamotland i 1938. Sonen Lars L. jr. overtok drifta her i 1966. I mange år pakta han også brn. 1 av farbroren. Frå 1992 til han pensjonerte seg hausten 2009 var Lars gardsstyrar på Jærmuseet Vitengarden.

Bygningane

Det opphavlege tunet på Audamotland låg noko nærrare tjørna enn det nåverande tunet som skal vera frå slutten av 1700-talet. Ein smågut, Ola, drukna i brunnen 1792. Om lag ein månad tidlegare hadde dei fått ein ny son. Etter drukningsulukka fekk også den nyfødde guten namnet Ola, eller Ole, etter den omkomne broren. (Sjå Ole Pedersen ovanfor). Etter drukningsulukka flytta foreldra heimahuset dit det står i dag.



Sleksstemne på Audamotland i 1916.

Grete Kristine på 84 år, g.m. Søren O. Ødemotland sit med barn og barnebarn rundt seg. Den yngste generasjonen er barna til Søren og Lars.

Bakerst frå v. Ola f.1860, Søren f.1878, Lars f.1866, Berta f.1868, Grete f.1894, Grete Kristine f.1869, Sevrine f. Ånestad 1868, g.m.Lars, Gudrun d.1924, Sigrid f.1901, Karen Gurine f. Kvia 1886, g.m. Søren. Midterste rekke frå v. Gabriel f. 1903, Signe f. 1905, Signe f. 1905, Grete Kristine f. Vigre 1832, med Torbjørg f. 1915 på fanget.

Foran frå v. Søren Mikal Kastrup f. 1913, Grete Kristine f. 1908, Målfrid f. 1910, Søren f. 1911, Lars f. 1908.

«Audamotlandstjødna» →

med garden i bakgrunnen. Foto: Jærmuseet



Heimahuset

er i utgangspunktet eit jærhus, lafta med heil fyrste etasje og loft med skråtak. Huset har to stover med kvar sitt kammers, gang og kjøkken. Stovene er frå ulike tidsperiodar, men ennå har ikkje museet trengt heilt til botnars i huset si bygningshistorie.

Heimahuset hadde truleg fått den tradisjonelle jærhusforma før 1850, og hadde då ei grunnflate på nærmere 90 kvm. Loftsetasjen har om lag same areal; det var med andre ord eit forholdsvis stort hus for si tid.

Fleire fagfolk har vore inviterte til å sjå på bygningen. For ein del år sidan hadde me besøk av bygnings- og båtekspert Jon Godal frå Norsk Handverksutvikling på Maihaugen, og i 2002 engasjerte me NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning), til å laga ein rapport på heimahuset.

Heimahuset har vore restaurert «stykkevis og delt» over ein lang periode, alt etter kva pengar og arbeidsressursar museet har hatt tilgjengeleg. Særleg har museet sin mangel på bygningshandverkarressursar gjort at dette restaureringsprosjektet har blitt utsett til fordel for prosjekt som har hatt meir tidspress.

BUA. Den søre stova, eller bua, og buakammerset er bygd i rundtømmer. Tømmeret er kløyvd på midten og den rette og sletthogde flata er lagt inn i rommet, medan den runde sida av stokkane er lagde på utsida. Stokkane er lafta med raulandslaft, og kan i fylgje Jon Godal vera frå 1600 talet. Flyttemerke på tømmeret syner tydeleg at stova er flytta. I ein takbjelke i buakammerset var det skore inn årstalet 1654. NIKU-rapporten peikar på at

takbjelken kan vera frå Bø-kyrkja. I dag er innrissinga øydelagd av insekt.

NIKU-rapporten peikar på at innfellingar i tømmeret rundt døropninga viser at døra i bua opphavleg var breiare og lågare. Døropninga blei seinare utvida i høgda og smalna for å tilpassa den ei ny dør. Over døra i søre stova er det måla «Ole Pedersøn Ødemotland 1839». Same innskrifta skal ha stått i den andre stova. Dette kan indikera at ombygginga skjedde før eller vart fullført i 1839, kan hende påbegynt etter at faren døydde i 1836?

DEN NORDRE STOVA. Den nordre stova, kammerset, kjøkkenet og gangen er sinklafta. Her er laftestokkane flattelgja på kvar side og sinka i skøytane. Sinklafet blei først vanleg på 1800-talet. Stova her har dørlister som, iflg. Jon Brænne i NIKU, er typisk empire frå 1830-åra, i såkalla «Stavangerstil». Innfelt treverk i ytterveggen viser at storleiken på dei originale vindauge var lågare og breiare enn dei som vart sett inn seinare.

KJØKKENET. I byrjinga av 1930-talet vart grua i kjøkkenet riven ned og gråsteinspipa erstatta med mursteinspipe. Kjøkken blei så panelt og mala. I samband med restaureringa av huset er panelet tatt ned. Golvet har steinheller.

GENEREKT. Alle originale vindauge er skifta ut, nokre tidleg på 1900-talet, andre i mellomkrigstida. I gangen mot vest, på veggen til bua, kan det vera spor etter såkalla veggtrekk (mala lerret), dvs. stoveinteriør.




①




②



③



④



⑤

1 Slik var tilstanden på heimehuset i 1987. Første bod var då å legga presenning over taket, for å hindra vidare forfall pga. væte.

Foto: Steinar Undheim, Jærmuseet.

2 Byggmeister Trond Nærland stod for restaureringsarbeidet dei første åra. Han la nytt tak og sette istand bygningskroppen.

Grunnmuren blei retta opp og det blei lagt ny drenering rundt heile huset. *Foto: Jærmuseet.*

3 I den søre stova, bua, og buakammerset er stokkane lafta med raulandslaft, og kan i fylge bygningseksperten Jon Godal vera frå 1600 talet. *Foto: Jærmuseet.*

4 Jon Brænne frå NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) undersøker veggen inn mot den søre stova / bua på Audamotland i 2001. Her fann han m.a. spor etter såkalla «veggtrekk» (malt lerret). *Foto: Jærmuseet.*

5 Døra i den søre stova/bua er rosemåla. *Foto: Jærmuseet.*



Innskrifta «Ole Pedersøn Ødemotland 1839» er malt på ei list over døra i bua. Foto: Jærmuseet.



I byrjinga av 1930-talet blei kjøkkenet panelt og mala, og ein fekk sett inn vedkomfyri. Dette panelet blei tatt ned i samband med restaureringa. Foto: Jærmuseet.

LOFTET – GJENBRUK AV GAMLE MATERIALAR OG SPOR ETTER DEKORMALING. Loftet ber tydeleg preg av gjenbruk av eldre materialar. På det skogfattige Jæren var tømmer ein knapp ressurs, og folk nyttar det dei fekk tak i. Det var ikkje uvanleg at skipsplank frå skipsforlis langs Jærkysten vart selt på auksjon, og i loftet på Audamotland finn me fleire skipsplankar med tydlege hol etter kraftige trepluggar. I loftsrommet over bua er det og funne spor av eldre dekor. Dekoren er svært




fragmentarisk, og i fylgje NIKU-rapporten kan forma på dekoren tyda på at den har tilhørt eit større veggmaleri med stiliserte blomsterrankar og tekstildraperier.

På 1600-talet blei det i Norge vanleg å dekorera veggflater med rankar og draperier etter førebilde frå kontinentet. Dekoren blei nytta til å smykka ut kyrkjebygg, men blei også brukt i heimane til velståande borgarar.

På Jæren kjenner me ikkje til at det var nokon tradisjon for å dekorera profane bygg. Dei gamle mellom-alderkyrkjene på Njærheim og Bø blei ombygde på 1600-talet. Bø-kyrka blei utsett for brann i 1708, men me veit ikkje heilt kor mykje av inventar og materialar som blei skada. Dei gamle kyrkjene på Njærheim og Bø blei rivne då den nye Nærø kyrkje blei bygd i 1834. Siste gudsteneste i Bø kyrkja var 2. påskedag i 1834. (Hå – Nærø – Varhaug 1837–1937 s. 96)

Materialar frå dei gamle kyrkjene blei seld på auksjon. Det har blitt sagt at materialar frå Bø-kyrka blei nytta på Audamotland, og NIKU-rapporten viser som nemnt til at dekorrestane kan tyda på at noko av materialane på loftet i Audamotlandshuset kan vera frå desse kyrkjene. I tillegg er det sagt at eit vindauge frå Bø-kyrka vart sett inn i smia på garden. Her er det ennå mange spennande problemstillingar for dei som vil forska vidare i bygningshistoria på Audamotland.

TAKET. Heimahuset har hatt pannetak så langt me kjenner til. Men då museet starta opp restaureringsarbeidet fann me restar etter bjørkenever og moldlag under teglpannene. I tillegg fann me halm og røsslyng. Om dette kun er nytta som isolasjon, eller om never-



Heimehuset blei oppmålt av Arild Wåge i 1985 i regi av Fortidsminneforeningen i Rogaland. Øvst fasade mot aust, i midten er det snitt gjennom skut, bu, gang, stove og kårstove. Nedst: grunnplan av 1. etasje.

restane kan tyda på at dei har lagt pannetak over tidlegare neverttekking og torvtak, veit me ikkje, men det er ikkje usannsynleg. På Jæren var dessutan never ein knapp ressurs, og halm kunne brukast for å skøyta på neveren.

SKUTAR. I sørrenden av heimahuset er det skut på om lag 20 kvm, denne har gjennom tidene hatt ulik utforming. Den nordre skuten blei tatt vekk før 1908.

FOLGESTOVE. I 1908 overlet som nemnt Gabriel Olson garden til brorsonen Lars, og den tidlegare skuten blei då erstatta av ei ny folgestove på til saman 24 kvm. Loftet over stova har skråtak med same grunnflate.

Restaureringsarbeida

Då Jærmuseet tok over Audamotland var garden sterkt prega av fleire tiår utan vedlikehald.

Utte tak hadde ført til omfattande råteskadar i takkonstruksjonar, bjelkelag, veggar og vindauge. Det var ei svært omfattande oppgåve me skulle gå i gang med, utan mykje pengar og eigne bygningshandverkarar. Difor har ekstraløyvingar og tilgang til arbeidskraft i stor grad vore styrande for framdrifta.

Heimahuset er som nemnd, bygd, og ombygd over fleire hundre år. Under restaureringa har det vore ei målsetting å gjera dei ulike tidsboltane synlege. Det er altså ikkje vald ein bestemt tidsperiode som heile huset skal førast attende til. Kvar del skal fortelja si eiga historie. Dette er mellom anna gjort for at huset kan tena som undervisningsobjekt i byggeskikk. Det er ikkje den



Museet har engasjert bygningshistorikar mag. art Carl Egil Buch som bygningsantikvar for restaureringsarbeidet. Her er han i sving med å vurdera storleiken på skuten, saman med Ted Johnny Taraldsen. Foto: Olav M. Bråteit, Jærmuseet.



Slik står heimehuset i 2010. Her manglar det berre bislag og torv på søre skuten så er det utvendige ferdig.
Foto: Jærmuseet.



Vinteren 2007 engasjerte med Espen Marthinsen, utdanna ved Norsk Handverksutvikling, til å lø skuten saman med museet sine handverkarar. Her er dei samla etter godt utført arbeid. Fremst sit Espen Marthinsen. Han leia arbeidet og hadde med seg Lars Ødemotland, Ted Johnny Taraldsen, Olav M. Bråteit og Oddvar Lode. Foto: Målfrid Grimstvedt, Jærmuseet.

leittaste måten å restaurera på. Det er naudsynt med grundige studiar av alle detaljar for å skjøna kva som er originalt og kva som er ombygd. Likeeins må ein ta val som påverkar resten av prosessen. Sjølv om kjernen i huset er original, er mykje anna ei gjendikting av det som ein gong var.

Til dømes er vindauge sine opningar minska fleire stadar. Dei har nå den storleik som dei mest sannsynleg hadde då dei aktuelle delane av huset vart oppførd. Bort imot alle vindauge hadde morkna og måtte fornyast. Innan dei nye vart bestilte studerte me vindauge i samanliknbare bygg for å få så korrekte profilar og sprosseinnndelingar som muleg. Eit anna døme er skuten mot sør aust. Då Jærmuseet tok over var den ein rein trekonstruksjon, monaleg større enn i dag. Historisk

sett hadde jærhus på 1700-talet skutar med veggar lødd av markstein, og torvtak. Me valde difor å ta ned skuten og lø opp langveggen i stein. Trekonstruksjonane i kortveggar og tak er tømra, dels i nytt, spinkelt rundtømmer dels i skipstømmer. Når det kjem gras på taket har me ein skut som historisk passar til garden, og som òg tener som eit byggeteknisk formidlingsobjekt, men den er ikkje autentisk.

Me skal gi eit stutt oversyn over dei store restaureringsarbeida som til nå er gjort på heimahuset. Det er grøfta rundt heile bygningen og grunnmuren er reparert.

Alt utvendig panel er teke ned. Det var så morkna at det ikkje kunne nyttast om att.

Veggstømmeret var i svært dårlig stand. Heile lafteomfan måtte fornyast. Mange plassar måtte det òg fellast

inn nytt tømmer, spesielt rundt vindauge. Veggane vart isolert utvendig og vindtetta med moderne materiale. Delar av golv- og loftbjelkelaga var morkna, oppetne av mott og vart fornya.

Heile takkonstruksjonen, åsar, sperr, skråstivarar og undertak hadde store råteskader og alt vart reve. Konstruksjonen blei bygd opp att av nytt rundtømmer, ny plank og gammalt skipstømmer. Det vart nytt trepluggar i samanføyningar. Samstundes vart det sett inn nye strekkstag i stål for å sikra konstruksjonane mot dei monalege vindkreftane på Audamotland. Som døme på heimahuset si historie vart det sett opp felt med never, halm eller lyng over undertaket, slik det opphavleg var. Det vart òg lagt inn eit lag med isolasjon, vindtetta med moderne materiale og tekka med enkeltkrumme teglpanner.

Det siste arbeidet som er gjort på heimahuset er innsetting av vindauge, utvendig paneling og bygging av skuten sin trekonstruksjon. Finanskrisa gjorde dette arbeid muleg. Jærmuseet fekk, etter søknad, ein slump av regjeringa sine krisemidlar til å halde oppe sysselsettinga i byggebransjen. Same firma som bygde toalettbygningen fekk òg oppdraget med heimahuset.

Når me får gras på skuttaket, har bygd tre bislag og sett inn to dørar, er me ferdige med det utvendige restaureringsarbeidet. Viss me ser bort frå folgestova i huset er det ikkje mykje arbeid att i innvendig. Og det som er att krev ikkje store pengesummar. Difor kan me rekna med at heimahuset kan takast i bruk som formidlingsarena seinast i 2012.

Driftsbygningen

har og hatt mange byggesteg. Eldste delen er ei grindløe på om lag 128 kvm og skal vera frå siste halvdel av 1800-talet. Denne bygningen hadde ikkje låvebru, slik at både fór og buskap var på ei flate. Låvebru og fjos med brunnhus er bygd til seinare; fjoset er bygd i raud murstein, låven har enkel kledning og er frå rundt 1900. Nordre delen er dekt med blekkplater. Vidare vart det bygd stall mot vest, og hønsehus mot aust og sør. Alle desse påbygga vart gjort før 1940.



Konstruksjonen av desse påbygga er reisverk og kledning dekt med blekkplater som var emballasje hjå Underhaug fabrikker på Nærø. Bygningsmaterialet og bygningsteknikk er difor ein spennande studie i endringar over tid. Taket er pannetak isolert med lyng.

Når det gjeld driftsbygningane er det fyrst og fremst fjoset og delar av løa som er restaurert.

Fjoset er innreia som «skulestove» til naturfagsundervisning med arbeidsplassar i båsane. I brunnhuset er pipa murt opp att og omn er sett inn.

Delar av løetaket er nyttekka med enkeltkrumme teglpanner. Den eine gavlen har fått ny stålplatekledning. Oppleddet over løebrua er restaurert med ny port av ospekledning og veggar og tak.

Mykje står att når det gjeld vedlikehald av løa og dei andre bygningane. Men restaureringsarbeida vert ikkje så omfattande og kostnadskrevjande som heimahuset; bygningane er slitne, men ikkje så opprotna. Det gjer det muleg å ta bit for bit i åra som kjem. Samstundes kan me nyttja anlegget som senter for undervisning i naturfag og byggeskikk.



1 Skisseoppmåling av løa i 1987. 1 Grindløa | 2 Stallen | 3 Fjøset, nå innreia til undervisningsrom | 4 Hønsehus | 5 Hønsehus | 6 Brunnhus.
Tala viser til bruken av bygningen midt på 1900-talet.

2 Løa sett frå sør, med stall til venstre, hønsehus i tilbygga i gavlveggen og på sida til høgre. *Foto: Knut G. Austad.*

3 Lars Ødemotland restuarerer delar av taket på løa i 1998. Under takpannene blir taket isolert på «gamlemåten», med lyng.
Foto: Jærmuseet.

4 Ordna toalettforhold er ein føresetnad for at tunet og området kan nyttast til undervising. Eit handicaptoalett er bygd nord om løa, der det tidlegare har stått ein frittståande fjosbygning. Det blei ferdig i 2010. *Foto: Jærmuseet.*

5 Ole Pedersen (1792–1875) var kjend som dugande smed, med tilhald i denne smia som Lars A. Tjøtta (1864–1914) har teikna. I dag er det bare nokre steinar som vitnar om kor ho stod. Smia skal ha hatt vindauge frå den gamle Bø kyrkja.



1 Heimahus | **2 Løe og fjøs** (sjå side 103). | **3 Kjerrehus** i grindakonstruksjon der det mellom anna er nytta skipstømmer, 70 m². Taket er tekka med bølgjeblekk. Veggane er bordkledde og dekka med plater i bølgje- og glatt blekk. Ukjend byggear, men før 2. verdskrig.

4 Tuft etter smia. Det er ukjend når smia vart riven. Attmed var det òg ei korntørke. Det ligg framleis ei helle frå tørkehuset her. På nabogarden, bruk nummer 2 står murane etter smia att. | **5 Hus til lagring av halm**, 100 m². Bygd etter krigen av forskalingsmateriale frå bunkersanlegga i Hanabergsmarka. Bordkledd bindingsverkskonstruksjon dekka med glatte blekkplater. Desse platene, som òg er nytta på løa og kjerrehuset, er utbretta embalasjekassar frå Underhaugs Fabrikker. | **6 Kyllinghus** oppførd i raud murstein og betong, 16 m², 4,5 meter i diameter og vel 2 meter høgt. Bygd før 2. verdskrig. Tenkt som silo men nytta til kyllingoppdrett. Huset blei varma opp med kokosmøn. | **7 Her var det tidlegare brunn.** Ola, fødd 1790 drukna i brunnen to år gammal. Då vart heimahuset flytta frå der halmhuset står i dag til si nåverande plassering. | **8 Omrentleg plassering av vindmaskin.** Årstalet 1906 er hogd inn i ein av steinane som held maskina, truleg året då den vart sett opp. | **9 Her stod ei korntørke.** Huset stod i hagen og var om lag 2 x 2,5 meter. Dei kunne ta av taket. | **11 Sauhus.** I 1943 vann folket på Audamotland 500 kroner i lotteri. Same år bygde dei eit sauhus på 45 m² i bordkledd bindingsverk. Huset vart reist ute i Hanabergsmarka, ikkje attmed dei andre gardsbygningane. | **12 «Næpehuset»** er støypt i betong, 30 m² og bygd før 2. verdskrig. Huset er gravd inn i bakken, mest sannsynleg for at nepene ikkje skulle verta frostskadde. Dei lessa nepene inn gjennom ei glugge i gavlen mot gardstunet og tok dei ut i andre enden. | **13 Hagen** på Audamotland ligg mot vest og er om lag 1 daa. Det var etter måten mange frukttre og bærbuskar: Blå-, gule- og Viktoriaplommer, epletre, kirsebærtre, solbær og rips. I folketeljinga for 1900 er hagen ikkje nemnd, så den blei truleg anlagd etter hundreårskiftet. Frukttre og bærbuskar vart dessverre sagd ned rundt 1990. | **14 Toalett,** bordkledd bindingsverkskonstruksjon med bølgjeblekk på taket. Einaste bygg med innlagd vatn og kloakk. Bygd 2010.

Planar framover

Garden Audamotland har mange pedagogiske verdiar, både natur- og kulturhistorisk. Når det gjeld den naturhistoriske delen tenker ein geologi, flora og fauna. Fjøset som blei bygt rundt 1900 er innreidd med tanke på å kunna nyttast som naturfagsrom, og det er alt utarbeidd ein del undervisningsmateriell. Fram til nå har anlegget mangla sanitære installasjonar for skuleklassane, og har difor vore lite eigna til undervisingslokale. Men nå er det bygd eige toalettbygg og Vitengarden får dermed utvida undervisningsmuleheitene betydeleg.

Garden har allereie vore brukt ein del når det gjeld bygningshistorisk formidling, men betre fasilitetar vil



Audamotland er mellom anna utgangspunkt for naturfagsundervisning. Deltakrar i eksperimentveka på Vitengarden 2009 tek her vassprøver i Audamotlandstjødna. Foto: Jærmuseet.

utan tvil utvida bruken av anlegget. I formidlinga her vil me setja fokus på byggetradisjonar og endringar over tid, materialbruk, gjenbruk av materialar, restaureringsarbeidet og ikkje minst sjå på den gamle gardsdrifta og den sosiale og økonomiske verdien som garden hadde.

Jærmuseet har som mål å integrera natur- og kulturhistoria i formidlingsarbeidet, og ein ynskjer difor å sjå nærrare på ressursbruken garden. Dette er eit arbeid Vitengarden er godt i gang med sidan museet er med i det nasjonale kulturlandskapsprosjektet Norgesgarden. Registrerings- og dokumentasjonsarbeidet som er gjort, og som vil halda fram, blir ein viktig del av formidlinga framover. På sikt kan me og tenka oss at Audamotland blir ein stad kor me kan demonstrera arbeids- og dyrkingsmåtar knytt til det formekaniserte jærvordbruket. Sjølv om Jærmuseet berre eig bygningane og tunet med 6 da, har me frå 1991 ein lovnad om å nytta resten av det dyrka arealet på garden til demonstrasjonsformål når tilhøva elles ligg til rette for det.

Og kanskje ein gong vil me kunna rekonstruera både den vidjetne Audamotlandssmia og husmannsplassen «Wed Tiørnen».

KJELDER / LITTERATUR:

- Snørteland, M. 1995 Audamotlandsgarden. *Sjå Jæren* 1995.
Skretting, T. 1995 Kviagarden. *Sjå Jæren* 1995.
Lindanger, B. Då Øksna-Motland låg Øyde. *Sjå Jæren* 1995.
Heggehougen, Brit. Jærmuseet. Audemotland. Undersøkelse av dekorfragmenter og innvendig fargeundersøkelse.
Prosjekt 21244000, NIKU.